

AVTALE

om utføring av reinhaldstenester

mellom

Sogn Jord- og Hagebrukskule, org.nr. 874 571 202

og

Reint AS, org.nr. 995 563 053

Innhold

| | |
|-----------------------------------|---|
| 1. Partane..... | 3 |
| 2. Avtalens omfang | 3 |
| 3. Avtaleperioden/Oppseiing..... | 3 |
| 4. Partanes forpliktelsar..... | 3 |
| 4.1 SJH sine Forpliktelsar | 3 |
| 4.2 RAS sine forpliktelsar | 3 |
| 5. Avtalens vedlegg..... | 3 |
| 6. Pris og betaling | 4 |
| 7. Endringar..... | 4 |
| 8. Forsikringar | 4 |
| 9. Teieplikt | 4 |
| 10. Bruk av underleverandør | 4 |
| 11. Reklamasjon..... | 4 |
| 12. Misleghald..... | 5 |
| 13. Erstatning..... | 5 |
| 14. Force Majure..... | 5 |
| 15. Tvist..... | 5 |
| 16. Prisjustering | 5 |

1. Partane

Det er inngått avtale mellom Sogn Jord- og Hagebrukskule (heretter kalla SJH) og Reint AS (heretter kalla RAS) om reinhald av SJH sine lokale i Aurland etter reinhaldsplanar ifølge utsendt anbod (sjå vedlegg).

2. Avtalens omfang

Dei tenester som RAS skal utføra er beskrive i eige vedlegg som vart sendt saman med tilbodet frå RAS. RAS er ansvarleg for at arbeidet blir utført ifølge denne avtalen samt vedlegg 1 Reinhaldsplanar (ifølge utsendt anbod) og vedlegg 2 Pris/tilbod frå RAS.

3. Avtaleperiode/oppseiing

Avtalen gjeld for eit år frå og med **01.11.2013 til og med 31.10.2014**.

Partane skal tre månader før utløp av avtaleperioden forhandla om ev. fornying av avtalen.

Dersom avtalen ikkje vert sagt opp tre månader før utløpsdato, vert avtalen forlenga for eit år om gongen.

I kvar avtaleperiode har kvar av partane rett til og sei opp avtala med 3 månaders varsel til utløp av kalendarmånad.

4. Partane sine forpliktelsar

4.1 SJH sine Forpliktelsar

SJH skal leggja forholda til rette for at RAS kan utføra sine forpliktelsar.

SJH stiller til disposisjon kostnadsfritt for RAS: bøttekott/lager , vatn og naudsynt plass til eventuelt maskiner og utstyr

4.2 RAS sine forpliktelsar

RAS forpliktar seg til og utføra reinhaldet til den frekvens som er skissert i vedlegga og å dokumentera at dei utfører oppdraget etter avtalen.

RAS skal til ei kvar tid tilfredstillast offentlege myndigheitars krav til reinhald.

RAS sitt personell skal vera uniformert og bera synleg id-kort.

RAS skal sørge for reinhaldsmidlar til det daglege reinhaldet kostnadsfritt, samt ha tilgjengeleg HMS-datablad på dei aktuelle produkta.

RAS har det fullstendige arbeidsgjevaransvaret for den/dei personar som utfører tenesta og har dei naudsynte ansvars- og yrkesskedeforsikringar.

I dei tilfella det vert utlevert nøklar og alarmkodar skal dette kviterast ut av RAS.

5. Avtalens vedlegg

- a) Reinhaldsplan, vedlegg 1
- b) Pris, vedlegg 2

6. Pris og betaling

SJH skal betale for oppdraget som beskrive i vedlegg «Pris/tilbud frå RAS».

Avtala månadleg kontaktssum for fast regelmessig reinhald skal betalast forskotsvis, med 30 dagars forfall, den 10. i kvar månad..

Eventuelle tilleggsarbeid vert fakturert etter utført arbeid.

RAS har skal ikkje belaste SJH med faktureringsgebyr.

Ved forsinka betaling vert det innkrevd forsinkelserente i henhold til lov om forsinkelserente.

Det faste vederlaget kan regulerast per 01.01. kvart år med 80% av endringa i konsumprisindeksen-fyrste gong per 01.01.2014. Basis for reguleringa er indeks per 15.11.2013 og for 15.11. kvart seinare år. (tabell 1 varer og tjenester).

7. Endringar

Dersom SJH ynskjer endring i avtalt oppdrag skal dette meddelast RAS skriftleg seinast ein månad før endringa skal iverksetjast. Dersom endringa er av varig karakter og medfører at omfang av oppdrag vert redusert/auka medfører dette endring av pris tilsvarende.

SJH kan også engasjera RAS til å utføra enkelte oppdrag. I så fall må dette avtalast særskilt og i henhold til pris av pristilbud.

8. Forsikringar

RAS er forsikra for dei skader ein måtte påføra SJH under reinhaldet, dekningsgraden er på kr 10.000.000,-. Forsikringa dekkjer skade på person og ting overfor SJH.

RAS pliktar på oppmoding frå SJH å oversenda forsikringspolisar.

9. Teieplikt

Partane skal bevare taushet om dei opplysningar og kjennskap dei får til kvarandre si verksemd. Dette gjeld også etter at avtala er avslutta.

Dersom RAS nyttar underleverandørar, skal RAS sørgje for at underleverandørselskapet og deira tilsette har teieplikt om det dei måtte få kjennskap til hjå SJH.

10. Bruk av underleverandør

RAS skal ha moglegheit til å nytta underleverandør. SJH skal til ei kvar tid ha kjennskap til kven som er underleverandørar. Dersom det føreligg sakleg grunn kan SJH nekte at underleverandøren vert nytta.

RAS er til ei kvar tid ansvarleg for arbeidet som vert utført av underleverandøren.

11. Reklamasjon

Ved reklamasjon på utført arbeid så skal det skriftleg sendast/leverast RAS, seinast fjorten dagar etter at mangelen blei oppdaga. Dersom RAS ikkje motteke reklamasjon innan fristen, kan mangelen ikkje påberopast. SJH har ikkje krav mot RAS dersom mangelen er retta opp.

12. Misleghald

Dersom ein av partane påberopar seg misleghald av avtalen, må vedkommande gje den andre parten skrifteleg beskjed umiddelbart. Det må framkomma kva misleghaldet går ut på. Denne annan part skal gjevast moglegheit til og retta feilen innan rimeleg tid. Blir mangelen ikkje retta innan rimeleg tid kan den andre parten krevja prisavslag tilsvarande mangelen sin verdi.

Dersom mangelen ikkje blir innrapportert skrifteleg innan fjorten dagar, kan mangelen ikkje påberopast, med mindre det er eit gjentakande problem.

Føreligg det vesentleg misleghald kan avtalen hevast med umiddelbar verknad. Dersom SJH sitt avtalebrot medfører vesentleg misleghald overfor RAS og denne hevar avtalen, kan RAS krevja erstatning på 20% av avtalt vederlag for resten av avtaleperioden.

13. Erstatning

SJH kan berre krevja erstatning frå RAS for direkte tap som SJH blir utsatt for som følgje av aktaus og/eller forsetteleg handling eller ikkje utført arbeid frå RAS.

Dersom SJH sjølv har vore med på å påverka skaden negativt skal erstatningen reduserast tilsvarande.

SJH skal skrifteleg melda krav til RAS innan 2 månader frå det tidspunkt SJH fekk eller burde ha fått kjennskap om dei forhold som gjev grunnlag for erstatningskravet.

14. Force Majure

Det er ikkje å rekna som misleghald frå nokon av partane dersom det føreligg Force Majure. Med Force Majure meinast ein hending eller forhold som er utanfor partane sin kontroll og som partane ikkje kunne ha førutsjå då avtalen vart inngått.

SJH kan avvikla verksemda utan at det føreligg ansvar ovanfor RAS på grunn av Force Majure.

15. Tvist

Tvist mellom partane skal forsøkjast løyst i minnelegheit. Dersom partane ikkje kjem til einigheit, skal tvisten lysast gjennom dei vanlege rettsinstansar. Fjordane tingrett avtalast som partanes verneting.

16. Prisjustering

Prosentvise aukingar i løn og sosiale utgifter fører til tilsvarande auke av kontraktssummen. På grunnlag av dokumentasjon frå NAF (Norsk Arbeidermandsforbund) og NHO-service, vert dette justert med verknad frå 1. mai kvart år.

| | |
|-----------------------|----------------------------------|
| Aurland, 29 / 10 2013 | Aurland, 29 / 10 2013 |
| | Vente Gjusev |
| for Reint AS | for Sogn Jord- og Hagebruksskule |

Sogn Landbrukskule

For og sikra at vi har korrekte opplysningar i vårt fakturasystem ber vi Dykk fylle inn i felte nedanfor.

| | |
|----------------------------|---------------------------|
| Firmanamn | SFH |
| Fakturaadresse | SFH, Lor, Ashudden 2 |
| Postnr./-stad | 6863 LEIKANGER |
| Ansvarleg person (prokura) | Fylkesrådmann Tore Erluse |

Med Fakturaen: SFH Vente Gjusev